



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Kari Tøpstad Utvær / Liv Sørøvik 5557 2030

Vår dato  
03.03.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/3106  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

## Informasjon om oppretting av verjemål og alternativa til verjemål

Fylkesmannen i Hordaland er lokal verjemålsmynde i fylket. Vi har i den seinare tid blitt kontakta av fleire pårørande til pasientar som har flytta på sjukeheim. Disse er blitt oppfordra av institusjonen til å søke verjemål for vedkomande pasient.

På bakgrunn av desse førespurnadene ser vi at det er naudsynt å klargjere reglane for oppretting av verjemål og alternativa til verjemål.

Verjemålsordninga er ei viktig velferdsordning og skal gi vern for personar som på ulike måtar, og i ulik grad, ikkje er i stand til å ta hand om sine eigne interesser på det økonomiske og/eller det personlege området. Om det er behov for verjemål skal bygge på ei konkret vurdering i kvart tilfelle, og det er ikkje alltid naudsynt å opprette verjemål når ein person har fått plass på sjukeheim eller institusjon.

Verjemålsordninga bygger på «minste middel prinsipp». Dersom vedkommande har behov som kan dekkjast ved andre og mindre inngripande ordningar, f.eks. faste oppdrag i bank, fullmakt, forvaltning av pensjon og trygd gjennom NAV eller disponering av kontantyttinga for langtidspasientar ved institusjon, skal ein først vurdere slike ordningar før det vert oppretta verjemål.

Verjemålslovgivinga opnar opp for alternativ til ordinært verjemål med nærstående si representasjonsrett (legalfullmakt) og framtidfullmakt. I mange tilfelle vil desse alternativa vere tilstrekkelege for å sikre interessene og bistandsbehovet til den det gjeld.

### 1. Oppretting av ordinært verjemål

For oppretting av verjemål er det krav både til diagnose og til bistandsbehov. Det må også vere samanheng mellom diagnosen og det bistandsbehovet som ligg føre.

Verjemålslova angir fem vilkår som må vere oppfylte for oppretting av verjemål for vaksne:

- personen må ha ei medisinsk tilstand (diagnose): sinnsliding, demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmisbruk, alvorleg spilleavhengighet eller alvorlig svekka helse
- personen er ikkje i stand til å ta i vareta sine eigne interesser (personlege og/eller økonomiske)
- det ligg føre eit behov for verje

- det er årsakssamanheng mellom personen sin tilstand og personen sin manglande evne til å skjøtta egne interesser
- skriftleg samtykke frå den som skal setjast under verjemål, dersom personen er samtykkekompetent. Dersom personen ikkje forstår kva verjemål inneber, er det ikkje eit slikt krav.

For at Fylkesmannen skal kunne sikre tilfredsstillande sakshandsaming vert det kravd at det ligg føre ei legeerklæring for vedtaket. Behandlande lege er pålagt å levere legeerklæring til Fylkesmannen i verjemålssaker. Eige skjema for legeerklæring finst på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no) skjema GA-8026 B. Legeerklæringa må innehalde ei vurdering av vilkåra som er lista opp ovanfor. Fylkesmannen vil særleg understreka behovet for ei tilstrekkeleg samtykkevurdering i samband med spørsmålet om verjemål. Det er ein del tilfelle kor vi må returnere legeerklæringa fordi den ikkje er tilstrekkeleg og godt nok utfylt. Dette bidreg til at vi får unødvendig lang sakshandsamingstid i nokre saker.

Begjæring om verjemål kan sendast inn av personen sjølv, nære pårørande, han eller ho som er verje dersom personen alt er sett under verjemål, eller av behandlande lege eller tilsynslege. Eige skjema finst på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no) skjema GA-8025 B.

Vi vil også gjere merksam på at det er ikkje automatikk eller nødvendig for institusjonen å oppheva vedtak om disponering av kontantytting sjølv om det seinare vert oppretta verjemål for ein pasient.

### 1.1 Meldeplikt for kommunar og institusjonar

Sjukeheimar og institusjonar har også ei meldeplikt ved behov for verjemål. Meldinga skal grunngjevast og innehalde følgjande:

- at det er eit behov for verjemål, samt ei vurdering av på kva område meldar meiner at bebuar treng bistand frå verje.
- ei vurdering av om det er naudsynt å fråta rettsleg handleevne (jfr. vergemålsloven § 22).
- Om mogleg forslag til person/personar som er eigna til å vere verje.

Meldeplikta gjeld for institusjonen der personen er innlagd, (av buforma der personen oppheld seg), eller av ansvarlege ved sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta i kommunen.

Eige skjema finst på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no) skjema GA-8029 B.

### 1.2 Vurdering av samtykkjekompetanse i spørsmål om verjemål

I verjemålssaker skal legen vurdere om ein person er samtykkjekompetent i spørsmålet om oppretting av verjemål, val av verje og omfanget av verjemålet. Av og til kan det også vere naudsynt å vurdere om pasienten er samtykkjekompetent i økonomiske spørsmål, til dømes i spørsmålet om forvaltning av formue.

Vurderinga av samtykkjekompetansen må gå tydeleg fram av legeerklæringa. Det vil ofte ikkje vere tilstrekkeleg å berre svare på om vedkommande forstår kva eit samtykkje inneber. Vurderinga må vere direkte knytt til spørsmålet om verjemål.

Fylkesmannen er likevel ikkje bunden av erklæringa frå lege, men skal gjere ei sjølvstendig vurdering av personen sin samtykkjekompetanse.

Vi gjer merksam på at ein person som ikkje er samtykkjekompetent, som hovudregel framleis vil ha full rettsleg handleevne. Ein person kan difor gjere rettslege handlingar og råde over eigne midlar, sjølv om vedkommande er sett under verjemål og ikkje er samtykkjekompetent.

### **1.3 Fråtaking av rettsleg handleevne**

Når ein person som er samtykkjekompetent ikkje ønskjer verjemål, kan ikkje Fylkesmannen opprette verjemål, med mindre vilkåra for fråtaking av rettsleg handleevne er oppfylte. Desse reglane er strengare enn for ordinær oppretting av verjemål og er berre aktuelt dersom mindre inngripande tiltak ikkje er tilstrekkeleg til å kunne ivareta den einskilde sitt hjelpe- og vernebehov.

Dersom det er snakk om å ta den rettslege handleevna heilt eller delvis frå vedkommande, skal saka behandlast av tingretten.

## **2. Alternativa til verjemål**

### **2.1. Nærstående si representasjonsrett (legalfullmakt)**

Ved vurderinga av om det ligg føre eit *behov* for verjemål, skal det vurderast om andre, mindre inngripande tiltak vil vere tilstrekkeleg for å avhjelpe bistandsbehovet.

Dersom bistandsbehovet kan avhjelpast ved utøving av nærstående sin representasjonsrett (legalfullmakt), vil det ikkje vere høve til å opprette verjemål sjølv om personen ikkje er samtykkjekompetent.

Nærstående har til dømes ein representasjonsrett etter verjemålslova § 94. Denne representasjonsretten inneber at pårørande kan hjelpe med daglege økonomiske disposisjonar, utan at det vart oppretta verjemål. Dette kan spesielt vere aktuelt for personar som har fått plass på sjukeheim, og bistandsbehovet berre gjeld dagleg økonomistyring.

Representasjonsretten kan vere knytt til bustad og «daglig underhald», betaling av skattar, avgifter og forplikingar som følgjer av gyldige låneavtalar som familiemedlemmet har inngått, samt å seie opp betalingsoppdrag som ikkje lenger er aktuelle mm. Nære pårørande er i denne samanhengen ektefelle eller sambuar, born, borneborn og foreldre. Eit born kan gjerne representere mor eller far sjølv om ektefellen til vedkommande er i live, men då må ektefellen seie frå seg retten sin skriftleg.

Det kan likevel verte behov for oppretting av verjemål dersom personen treng hjelp med andre tilhøve og disposisjonar enn det som følgjer av verjemålslova § 94 første ledd. Det kan til dømes verte behov for verjemål dersom det er naudsynt å sikre at personen får dei tenester og rettar som vedkommande har krav på frå offentlege instansar, mv.

### **2.2. Framtidsfullmakt – eit privat alternativ til verjemål**

Verjemålslova gir høve til å opprette framtidsfullmakt. Oppretting av framtidsfullmakt er eit privatrettsleg alternativ til ordinært verjemål, og kan delvis eller fullt ut erstatte verjeordninga og offentlig innblanding. Ei framtidsfullmakt gir den enkelte større grad av sjølvråderett og etter at ein ikkje lenger er i stand til å ta stilling til spørsmål på eigne vegner.

Ei framtidsfullmakt er ei fysisk fullmakt som gir ein eller fleire personar høve til å ta vare på fullmaktsgivar sine interesser på bestemte område, dersom fullmaktsgivar, på grunn av sinnsliding, demens, eller alvorleg svekka helse, ikkje lenger er i stand til å ta vare på sine eigne interesser i tilhøve som er omfatta framtidsfullmakta, jf. verjemålslova § 78.

Framtidsfullmakten kan omfatte økonomiske og personlege tilhøve, eller bestemte områder. Det skal gå klart fram av fullmakta at den skal gjelde etter at personen som gir fullmakta har

kome i ei tilstand som nemnd. Ei framtidfullmakt kan kallast tilbake, så lenge den som har gjeve fullmakta er i stand til å forstå kva det inneber.

### **3. For meir informasjon om verjemålsordninga og alternativa til verjemål**

Fylkesmannen er lokal verjemålsmynde i fylket og vi handsamar alle søknadar om verjemål. Vi kan kontaktast ved spørsmål om verjemålsordninga eller alternativa til verjemål.

Ved behov for nærare informasjon kan de ta kontakt med verjemålsseksjonen på telefon 55572300. Vår telefontid er kvar dag frå kl. 12.00-14.00 med unnatak onsdag. Alternativt kan de sende melding på e-post til [postmottak@fmho.no](mailto:postmottak@fmho.no)

Med helsing

Kari Tepstad Utvær  
Avdelingsdirektør

Liv Sørevik  
Seksjonsleiar

Vedlegg:  
Faktaark om framtidfullmakt  
Faktaark om meldeplikt  
Faktaark om faste verjer

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*